

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I NISSEDAL KOMMUNE



Vedteke i k-sak 76/23

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I NISSEDAL KOMMUNE

1. Eigar – og driftsforhold

Nissedal kommune eig og driv Treungen barnehage, Fjone barnehage, Felle barnehage og barnehagen ved Kyrkjebygda oppvekstcenter.

Barnehagane er administrativt underlagt eining for oppvekst og kultur.

2. Grunnlag for barnehagedrifta

Dei kommunale barnehagane vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter, rammeplan for barnehagen, oppvekstplan for Vest-Telemark og lokal del for Nissedal kommune, samt kommunale vedtak.

Barnehagane skal ha samarbeidsorgan i samsvar med Lov om barnehagar.

3. Barnehagen si oppgåve – Føremål

Barnehagen skal gje barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne. Saman med heimen skal barnehagen skape eit miljø som sikrar barnet individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, læring og etisk rettleiing.

Barnehagen skal vere ein del av bygdemiljøet og ta vare på kulturverdiane i bygda, talemål, sed og skikk.

Barnehagane skal byggje verksemda på dei etiske grunnverdiane som er forankra i lov om barnehage §1.

Denne lyder slik:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

4. Samarbeidsutval

For å sikre samarbeidet med heimen skal kvar barnehage ha foreldreråd og samarbeidsutval.

Foreldrerådet er sett saman av alle foreldra/føresette i barnehagen.

Samarbeidsutvalet (SU) er sett saman av tilsette og foreldre i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert.

Barnehagen sin eigar kan delta, men ikkje ha fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Kommunen kan bestemme om det skal vera eit felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og grunnskule som blir organisert på same vis med omsyn til representantar.

Treungen, Fjone, og Felle barnehage har samarbeidsutval i kvar barnehage.

Kyrkjebrygda barnehage har felles samarbeidsutval med Kyrkjebrygda skule.

Samarbeidsutvala konstituerer seg sjølv.

For kvar representant skal det veljast ein personleg vararepresentant.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for føresette og tilsette i barnehagane.

5. Barnehagetilbodet.

Kommunen, ved barnehagemyndet, godkjenner tal på barnehageplassar i dei ulike barnehagane.

Barnehagane i Nissedal kommune gjev fylgjande tilbod: 2, 3, 4 og 5 dagar i veka.

Kommunestyret vedtek opningstidene i dei ulike barnehagane.

Alle barnehagane er godkjent for barn frå 1 år, og dermed må barn fylle eit år seinast den månaden dei startar i barnehagen.

Barnehagane er bemanna etter Lov om barnehagar med både bemanningsnorm og pedagogisk ivaretake. På toppen av barnehagane sin ordinære bemanning er det ein spesialpedagog i 100% stilling. Spesialpedagogen skal samarbeide med PPT, utøve spesialpedagogikk i møte med barn som treng det, rettleie det faste personalet kring barnet og samtidig arbeide systemisk og førebyggjande i alle barnehagane i Nissedal kommune.

Barnehagane er stengt juleftan, - i romjula og i dagane mellom palmesøndag og skjærtorsdag.

Personalalet har 5 planleggingsdagar i året. Barnehagane er stengt desse dagane.

Ferie

Eit barnehageår tek til i veke 33 og går ut t.o.m i veke 32 i etterfylgjande år. Barna skal i løpet av barnehageåret ta ut 4 vekers ferie. Tre veker skal vere samanhengande. Den fjerde ferieveka skal så langt som råd ikkje splittast, og må meldast barnehagen minst 3 veker før den skal bli tatt ut.

Barnehagane er stengt i veke 28, 29 og 30.

Ferieut utover dei 3 stengte vekene, skal meldast barnehagen før **20 april** i ferieåret. I veker der berre 2 barn er påmeldte, kan barnehagane bli slått saman.

6. Opptak og oppseiling

Søknad om plass

Det kan søkjast om plass for alle barn som er busette i Nissedal kommune.

Søknad om barnehageplass skjer via Visma Flyt Barnehage. All informasjon finn du på kommunen sin heimeside:

<https://www.nissedal.kommune.no/soek-eller-endre-barnehageplass.480358.nn.html>.

I samband med hovudopptaket i mars skal Treungen barnehage ha 2-3 ledige barnehageplassar for å kunne imøtekome eventuelle behov i løpet av året.

Foreldre som ynskjer at barnet skal bytte barnehage eller endre oppholdstid, må søkje om dette i Visma Flyt Barnehage.

Slike søknader blir handsama fortløpande.

Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert handsama fortløpande.

Dersom det er ledige plassar etter at heile hovudopptaket er avslutta, kan opptak av barn frå andre kommunar bli vurdert.

Dei får då barnehageplass for eitt år om gongen.

I dei tilfelle der det vil medføre ekstrakostnad for Nissedal kommune å ta imot barn frå andre kommunar i barnehagen må heimekommunen betale sats for gjestebarn etter avtale i Vestfold og Telemark. Dette må vere skriftleggjort og avklart med heimekommunen før oppstart, og refusjonsgaranti skal ligge føre.

<https://www.ks.no/contentassets/175525d7acbc4858b28b1e0f5449e92f/Vestfold-og-Telemarks-avtale-barnehage-2023.pdf>

Opptak av barn til barnehagen

Alle godkjente barnehagar i kommunen skal ha samordna opptak av barn.

Hovudopptaket skjer om våren, med søknadsfrist 1. mars.

Tildelt plass i kommunal barnehage gjeld til barnet tek til på skulen. Unnatak for gjestebarn som vist til i avsnittet over.

Opptak av barn til barnehagen skjer administrativt, jfr. delegasjonsreglement for Nissedal kommune.

Kommunedirektøren har delegert oppgåva til einingsleiar for oppvekst og kultur. Pedagogisk konsulent administrerer prosessen og innstiller til opptaket i samråd med styrarane.

Opptak til ledige plassar i løpet av året blir gjort av pedagogisk konsulent i samarbeid med styrarane i den aktuelle barnehage. Formannskapet er klageorgan.

Oppseiing av barnehageplass

Barnehageplassen gjeld frå det tidspunkt plassen er tildelt frå.

Plassen i barnehagen kan bli sagt opp med ein månads varsel gjeldande frå fyrste i fylgjande månad.

Ein må betale for plassen i oppseiingstida. Oppseiinga skjer gjennom Visma Flyt Barnehage.

7. Opptakskriterier

Lov om barnehagar § 16 seier dette om rett til plass i barnehage:

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Vidare gir § 18 føringer for prioritet ved opptak slik:

Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.

Barn som det er fattet vedtak om etter barnevernsloven § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Utover lovfesta rett til barnehageplass vert fylgjande kriterier lagt til grunn:

1. Barn som er tilrådd av annan faginstans, eller etter ei samla tverrfagleg vurdering
2. Barn av nye flyktingar skal prioriterast i Treungen barnehage så lenge føresette fylgjer introduksjonsprogrammet i kommunen
3. Barn av einslege forsørgjarar
4. Barn som er 5 år i inneverande år

5. Born frå krinsar som ikkje har eigen barnehage, skal ha høg prioritet ved opptak i den mest nærliggande barnehagen
6. Under elles like forhold blir søsknen til barn som alt har plass prioriterte, og vidare etter det får det eldste barnet plass

8. Betaling

Satsane for foreldrebetalinga blir rekna ut etter maksimalgrense for foreldrebetaling sett av Stortinget i det årlege budsjettvedtaket.

Nissedal kommunestyre vedtek foreldrebetalinga for deltidstilbodet.

Det finnes særlege ordningar for familiar med låg inntekt, både statlege og kommunale.

Satsane og informasjon om dei ulike ordningane finn du til ein kvar tid på heimesida til

Nissedal kommune:

<https://www.nissedal.kommune.no/barnehage.489443.nn.html>

I tillegg er det informasjon om dei statlege føringane på Utdanningsdirektoratet sine sider:

<https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/barnehage/foreldrebetaling/>

Foreldrebetalinga skal betalast ein gong pr.mnd.

Det skal betalast for 11 månader i året.

Juli er betalingsfri. I denne betalingsfrie månaden inngår 3 veker ferie for barnet + 5 planleggingsdagar gjennom året som barnehagen er stengt.

Barneghagestengd i påska (3 dagar) og romjol (2-4 dagar) kjem til fråtrekk på aktuell månad.

Utgifter til kost kjem i tillegg, og er etter sjølvkostprinsippet.

Det blir gjeve syskenmoderasjon etter statlege reglar. dersom du har fleire barn i barnehage og i SFO.

Sidan Nissedal kommune gir søskjenmoderasjon på tvers av barnehage og SFO, er ordninga slik:

- Du betalar full pris for det barnet med det dyraste tilbodet
- For barnet med det nest dyraste tilbodet får du 30% søskjenmoderasjon
- Vidare er det 50% syskjenmoderasjon for resterande syskjen
- NB! Dersom du har 3 barn i barnehage, er det 3. barnet gratis.

Merknadar til forskrift om foreldrebetaling i barnehage seier dette:

Moderasjon omfatter søskjen som bor fast sammen. Barn anses for å være fast bosatt på den adressen der de til enhver tid er registrert i folkeregisteret. I de tilfellene der foreldre har avtalt delt bosted for barnet, skal barnet, i beregning av søskjenmoderasjon, anses for å være fast bosatt begge steder/med begge foreldrene. Samværsforeldre kan derimot ikke påberope seg søskjenmoderasjon for andre og tredje barn. Søskjen definieres som helsøskjen og halvsøskjen, stesøskjen definieres utenfor. Fosterbarn regnes som søskjen.

Dersom det er ledig kapasitet i barnehagen kan føresette som nyttar deltidsplass kjøpe ekstra dag etter fastsette gebyrreglar. Dette må avtalast med den aktuelle barnehage. Det er ikkje fråtrekk i foreldrebetalinga for feriar, planleggingsdagar og liknande.

Ved for sein henting av barn i barnehage vil det tilkome eit gebyr på kr. 500.

9. Samarbeid med skulane om overgang frå barnehage til skule og SFO

Lov om barnehagar §2a seier:

Barnehagen skal samarbeide med skolen om barnas overgang fra barnehage til skole og skolefritidsordning, jf. opplæringslova § 13-5 og privatskolelova § 5-5. Samarbeidet skal bidra til at barna får en trygg og god overgang. Barnehagen må ha tillatelse fra barnets foreldre for å utlevere personopplysninger om barnet til skolen.

Barnehagane og skulane samarbeidar tett om overgangar gjennom Plan for overgangar i opplæringsløpet i Nissedal kommune «Frå eldst til yngst».

10. Oppretting/avvikling av barnehagertilbod

Dersom det vert meldt eit behov for eit barnehagertilbod for min. 6 barn i ein krins, kan kommunen vurdere oppretting av eit tilbod.

Dersom det vert mindre enn 6 barn i eit eksisterande barnehagertilbod, skal kommunen vurdere vidare barnehagedrift.

11. Arealutnytting

Nissedal kommune følgjer regjeringa si rettleiar for godkjenning av barnehagar:
4,0 m² leike- og oppholdsareal pr. barn over 3 år og 5,3 m² leike- og oppholdsareal for barn under 3 år.

Utearealet i barnehagen bør vere om lag 6 gonger så stort som leike- og oppholdsareal inne.

12. Internkontroll

Barnehagane har internkontrollrutinar i samsvar med Lov om barnehagar § 9 i kommunen sitt internkontrollsysten Compilo.

12. Delegering

Kommunedirektøren kan gjere endringar i vedtekten som er av administrativ karakter.

Vedtekten er gjeldande frå 01.01.24